



Notat

Dato: 07.09.2017
Arkivsak: 2017/3908-4
Saksbehandlar: mermela

Til: Rune Haugsdal

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om prosjektet utredning av nytt Fylkeshus

Sak PS 123/17 «Tertiairrapport pr. april 2017 - rekneskapsprognose» vart handsama av fylkesutvalet 23.05.2017, og Silje Hjeddal (FrP) stilte følgjande spørsmål:

1. Vil man f.eks. vurdere salg av eiendom, evt. leie av lokaliteter i fremtiden?
2. Hvilke ulike scenarier er det aktuelt for HFK å vurdere i det videre arbeidet?
3. Når kan fylkesutvalget forvente en orientering om videre prosess?

Det ble i sak PS 95/2015 «Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019» i Fylkestinget desember 2015 gjort følgjande vedtak:

Arealøkonomisering

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærlieken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen».

Fylkeshuset har også vesentlige tekniske manglar knytt til fleire forhold. Spesielt har utette fasadar, gammalt og därleg el-anlegg, høg energibruk og store variasjonar i innetemperatur vore krevjande. Bygget er i liten grad oppgradert frå det blei ferdigstilt i 1974, har ein rigid struktur og gamle tekniske løysingar. Det er også vedtatt ein ny reguleringsplan for Fylkeshuset som tillåt etablering av eit nytt tårn på 10 etasjar mot Aasegården.

For å løysa vedtaket om arealøkonomisering og dei bygningsmessige manglane, så har ein kome fram til at dette ikkje kan løysast i Fylkeshuset utan å gjennomføra ei totalrehabilitering. Eit nytt kontorbygg i Fylkeshuset eller i andre bygg vil utfordra organisasjonen både på arealbruk, samarbeidsformer og digitalisering. Det er derfor starta opp eit arbeid som har som mål å etablera eit framtidig kontorkonsept og andre føringar for kontorlokala til fylkesadministrasjonen. Desse føringane skal vera gjeldande om lokala blir i Fylkeshuset eller ikkje.

I dette arbeidet vil det også bli vurdert om det er mest tenleg å leige kontorlokale. Det vil også bli vurdert kvar det er mest tenleg å ha kontora både ut frå økonomi og bruk. Dei aktuelle scenarioa å vurdere er:

- Auka vedlikehald av Fylkeshuset utan ombygging med avgrensa arealøkonomisering og fortsatt leige av lokale i nærlieken

- Totalrehabilitering og utviding av Fylkeshuset i eigenregi
- Sal av Fylkeshuset inkludert leigeavtale med fylkeskommunen – totalrehabilitering/utviding av ny eigar
- Sal av Fylkeshuset og leige av kontorlokale i eit område med lågare leigepriser

Prosjekteigar for prosjekt nytt Fylkeshus er eigedomsdirektøren, og prosjektgruppa er sett saman av ulike fagpersonar frå eigedom, tillitsvalde, AMU-representantar og ressursar frå HR og organisasjon. Sjå mandat for prosjektet som er lagt ved for nærmere opplysningar om prosjektet.

Vedlegg

1 Mandat for utvikling av Fylkeshuset